

Gjestebod

Kulturminne er viktige spor frå fortida, men og ein stor del av vår levande samtid. Kulturminne er ein del av identiteten vår, dei er med på å gje oss kjensla av å høyre heime ein stad. Det er viktig at det offentlege vernar om kulturminna våre.

Det har vore mest vanleg å verne minnesmerkje som arkeologiske funn, kyrkjebygg og storgardar. I dag vert det lagt meir vekt på å ta vare på kulturminner og kulturmiljø knytt til vanlege menneske sine liv og verksemd.

Kulturminne og kulturarv vert formidla i samband med turisme, lokal næring og anna verdiskaping.

Lokal identitet er viktig dersom ein skal trekke til seg og halde på lokal og regional arbeidskraft.

Kvinnherad kommune har mange kulturminne, og gjesteboda skal brukast for å samle meir kunnskap om korleis me kan ta vare på kulturminna våre og korleis me kan formidle dette vidare. Bli med

Med kulturminne meinast alle spor etter menneskeleg verksemd i det fysiske miljøet vårt, lokalitetar det knyter seg historiske hendingar til, eller tru og tradisjon.

Med kulturmiljø meinast område der kulturminne er med som del av ein større heilskap eller samanheng.

Gjesteboden hadde _____ kvinner og _____ menn, i alderen frå _____ til _____ år.

Gjestene bur i dag (postnummer):

Ta for dykk to til fire kulturminner/kulturmiljø i nærmiljøet og fortel om desse. Grei ut om historia, bakgrunnen, alder, bruk før, bruk no og anna.

Kva meiner de bør gjerast for å verne det enkelte kulturminnet/kulturmiljøet for framtida?
(Vern mot skade, øydelegging og fare elles.)



Av det som de har diskutert på førre spørsmål; Kva bør, slik de der det, prioritertast først?
Lag ei prioritert liste over kulturminna/kulturmiljøa de har vald. Kva kulturminne/kulturmiljø er viktigast å verne, kva kjem etter det?



Korleis kan ein på ein god måte formidle historia til det enkelte kulturminnet/kulturmiljøet til interesserte? (Barn og vaksne, heimeverande i Kvinnherad og tilreisande.)



Gå inn på nettsida [kulturminnesøk](#) og sjå på kulturminne/kulturmiljø som hører til dykkar nærmiljø.
Veit de om kulturminne som ikkje er registrert her? I så fall, registrer eit kulturminne eller eit kulturmiljø.